

KOMMENTARAR TIL HØYRINGSFRÅSEGN VALEDALEN KRAFTVERK OG OVERFØRING AV SITAUTEVATN

Innleiing

Valedalen Kraftverk skjer i eit vassdrag der det har vore kraftproduksjon sidan 1909, og såleis alt påverka av kraftutbygging, overføringar og reguleringar. Kraftverket vil utnytta fallet mellom reguleringsmagasinet Valedalsvatn og inntaket til Valen Kraftverk som i dag ikkje er utnytta. Utbygginga er eit opprustnings- og utvidelsesprosjekt, dvs. eit O/U-prosjekt, og vil ha ein gunstigare produksjonsprofil enn i eit vanleg elvekraftverk, fordi ein her utnyttar regulert vassføring frå Valedals- og Vetledalsvatnet.

Utbygginga vil vera i tråd med overordna nasjonale og internasjonale mål for utbygging av fornybar energi og ein positiv bidragsytar i klimasamanheng, der ein produserar 7,4 GWh årleg fornybar energi, der vel 60% er vinterproduksjon. For alt.1 er det lagt opp til ei minstevassføring, som tilsvarar vanleg lågvassføring heile året, mot ingen minstevassføring i dag.

Overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn er eit tiltak for å auka vasskraftproduksjonen i Valedalselva. Denne overføringa vil auka produksjonen av fornybar energi med 1,6 GWh årleg, der ein del vil vera vinterproduksjon, og går ut på å overføra Sitautevatn til Småstølsvatn utan regulering.

Endringar av prosjektet

Det er fleire av høyringspartane som er uroa over at gyteforholda til fisk kan bli øydelagt ved vegbygging og røyrtrase på den forholdsvis flate elvestrekninga mellom Elvedammen og alt.2 utbygginga. Etter ei samla vurdering vil Valen Kraftverk tilpassa prosjektet her med å flytta røyrgata og vegtrase lengre bort frå elva, innanfor det som er teknisk og økonomisk forsvarleg, i den øvre delen, for å betra gyteforholda for fisk.

Kommentarar

Det er mange høyringspartar som reiser same problemstillingar. For ikkje å måtta kommentera dei under kvar høyringspart, er desse kommentert til slutt under avsnitt felleskommentarar og nummerert. Det vert såleis berre synt til dette nummeret under kvar høyringspart.

Kvinnherad Energi AS

Merknader:

Ingen.

Kommentar:

Det er gledeleg at her er ledig nettkapasitet både på overliggjande- og distribusjonsnettet til å gjera seg nytte av kraftproduksjonen. Dette er i seg sjølv grunn til å prioritera prosjektet.

Statens Vegvesen Region Vest

Merknader:

Ingen

BKK Nett AS

Merknader:

Ingen

Kommentar:

Valedalen Kraftverk får tilknytingspunkt i Husnes og Blåfalli, ikkje Mauranger eller Rosendal som BKK skriv.

Frode Eik

Merknader:

Problem med å få sauene heim.

Boreslamm frå borehol ved Sitautevatn.

Kva vil skje med Barlindelia når det ikkje kjem vatn der.

Kommentarar:

Det vil vera mogleg å passera bekken med sauene frå Småstølsvatnet til Valedalsvatn oppe ved Sitautevatn og nede ved Valedalsvatn, sjølv om det vert auka vassføring her. Dersom det skulle verta eit problem med å få sauene heim frå beite kan ein byggja ei lita gangbru over bekken på ein høveleg stad oppe i fjellsida.

Boreslamm frå boreholet frå Sitautevatn vil utgjera eit lite volum (om lag 120 kubikk). I tillegg kjem noko sprengt masse frå inn- og utløpskanal, som vil verta lagra i nerområdet, etter å ha teke bort toppvegetasjon og stadlege massar, som skal leggjast tilbake igjen over deponiet og såast til. Dette, saman med deponiet sin storleik, meiner me vil redusera nemneverdige negative konsekvensar for avrenning av boreslam til Småstølsvatnet.

Vatnet frå Sitautevatn renn ikkje ned i den freda Barlinde lia. Vassføringssendringar i bekken som får overført vatn frå Sitautevatn er dokumentert i konsesjonssøknaden kap. 3.1. Vassføringa i denne bekken vil auka frå gjennomsnittleg 25 l/s til 100 l/s, men vassføringa vil vera under middelsvassføringa i godt over halvparten av tida, sjå kap. 3.1 i søknaden for detaljar.

Forum for natur og friluftsliv i Hordaland.FNF Hordaland

Merknader:

Unngå prosjekt som fører til vesentleg reduksjon av INON.

Subjektive vurderingar av friluftsliv.

Rugekassar som avbøtande tiltak for fossekall.

Det må stillast høge krav til minstevassføring.

Overføring av Sitautevatn gir liten produsjonsauke.

Kommentarar:

Spørsmål om INON, sjå felleskommentar nr.1

Friluftsliv er utøving av fysisk aktivitet kombinert med naturoplevingar. Ein kan ikkje sjå at naturopplevingane vil verta særleg råka etter utbygginga i dette området. I Hordaland Fylkesdelplan for små vasskraftverk, ligg heile dette område inne som middels viktig for friluftslivet.

Det vil verta sett opp rugekassar som avbøtande tiltak for fossekall.

Spørsmål om minstevassføring, sjå felleskommentar nr.2.

Overføringa er planlagt gjennomført med borehol og svert begrensa tekniske inngrep (berre auka produksjon i anlegg som ligg nedanfor), meiner me grøn energiproduksjon tilsvarande årsforbruket i 80 husstandar vil gi samfunnet ein meirverdi av utbygginga.

Hordaland Fylkeskommune

Vedtak i Fylkesutvalet 20.06.2013:

11. Det er naudsynt å auka minstevassføringa og omsyn til fisk.

12. Fylkesutvalet rår til ei utbygging med alternativ 1 for kraftstasjonsplassering for Valedalen kraftverk.

13. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

14. Det er sannsynleg at området er hekkelokalitet for fossekall og rugekassar må difor settast ut.

Kommentarar:

Fylkesutvalet har rådd til alt. 1. Dette alternativet har ei minstevassføring på 23 l/s heile året, som svarar til vanleg lågvassføring. Det er ikkje minstevassføring på denne elvestrekninga i dag. Ein er difor usikker på kva utvalet meiner med å auka minstevassføringa og omsyn til fisk. Sjå elles felleskommentar nr 2.

Det vil verta sett opp rugekassar som avbøtande tiltak for fossekall.

Overføring av Sitautevatn er nemt i saksutgreiinga, men ikkje konkret i vedtaket. Valen Kraftverk tolkar vedtaket i fylkesutvalet positivt og slik at ein ikkje hadde merknader til tiltaket som omsøkt.

Sportfiskaren Kvinnherad

Merknader:

Ikkje grunnlag til å seia nei til ei vidare utbygging i Valedalen, på grunn av at området tidlegare er prega av utbygging, men ønskjer helst alt 2.

Er uroa over at aktuelle gytebekkar vil bli øydelagt pga. vegbygging og røytrase.

Ønskjer endre HRV og LRV.

Ønskjer ikkje overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn.

Auka vannstand i Sitautevatn.

Reduksjon av INON (bortfall sone 1).

Feil i det hydrologiske grunnlaget.

Dersom ein hadde sett isolert på sjølve fisken hadde utbygginga spela ei mindre rolle, det er totalopplevinga og omgjevnadane som betyr mykje.

Kommentarar:

Når det gjeld gyteforholda for fisk syner ein til fellesuttale nr 3.

Det er ikkje aktuelt å endra HRV eller LRV i dei regulerte magasina, men det kan vera aktuelt å byggja tersklar i elva mellom utbyggingsalternativ 2 og Elvedammen.

Vannstanden i Sitautevatn skal ikkje regulerast annleis enn i dag. Betongterskelen i utløpet av Sitautevatn vert høgare enn normal vannstand, men skal berre hindra at vatnet renn ned i Børsdalen som i dag. Her ønskjer ein at vatnet skal leiast over i boreholet til Småstølsvatnet. Ved boreholet vert det støypt terskel på same nivå som vannstanden er i Sitauten. Når vannstanden aukar vil det så renna over til Småstølsvatn. Det er mest sansynleg at denne terskelen vert breiare enn det naturlege utløpet i dag, noko som vil føra til at variasjonen i vannstanden blir noko mindre.

Når det gjeld fråfall av INON syner ein til fellesuttale nr. 1. Me kan ikkje sjå at det er utelete informasjon vedkomande INON –soner i rapporten. Kommentaren rundt INON i den tekniske delen av søknaden utgjer eit samandrag av miljøutgreiinga der heile figuren er synt. Miljørapporten er dessutan ein del av søknaden.

I småkraftsamanheng er det nesten alltid slik at ein må akseptera å nytta vassføringsmålingar frå eit større vassdrag for mindre felt. Konsekvensane for berekningane som følgje av dette er kommentert i kap. 2.2 i søknaden. Påstanden om at oppskaleringa av tilsiget for Sitautevatn (frå 42.2 Djupevad) må vera feil er vanskeleg å forhalda seg til. Oppskaleringa er basert på forskjellar henta direkte frå NVE sine avrenningskart 1961-90, og me syner til underlagslitteratur for NVE sine avrenningskart for detaljar rundt høgdegradientar i nedbør og generelle usikkerheit i avrenningskartet.

Når det gjeld tiltak som ikkje er påverka syner ein til fellesuttale nr. 5. Ellers meiner ein framleis tiltaket ikkje vil utgjera noko fysisk hindring for friluftsliv i området då det her er snakk om små vassmengder og ingen regulering.

Naturvernforbundet i Kvinnherad

Merknader:

Ønskjer endra reguleringsgrenser i Svartatjørn, Elvedammen og Valedalsvatn.

Tørrlagde elvar etter utbygginga i 2008.Endring i vassføring.

Veg og røyrgate må leggjast lengre bort frå elva for ikkje å øydeleggja gyteforholda for fisk.

Reduksjon ov INON sone.

Auka vatn og isproblem i Nordre Valevågen.

Auka minstevassføring.

Taubane i staden for veg.

Frårår utbygging av Sitautevatn.

Kan godta utbygging etter alt.2 med forbetringstiltak.

Meiner fossekallen ikkje vil overleva 23 l/s minstevassføring.

Deponering av massar ved Sitautevatn.

Kommentarar:

Den nye kraftstasjonen skal nytta fallet mellom Valedalsvatn og Elvedammen,som i dag ikkje er nytta til kraftproduksjon.Ingen vatn skal regulerast annleis enn i dag.

Vassføringa nedstraums Elvedammen (Tverrelva) har heilt sidan overføringa av vatn til Svartatjørn tok til i 1939 vore sterkt regulert og kraftig redusert.I tørre tider med lite vatn og om vinteren har elva også tidlegare (også før 2008) vore heilt borte.Det er likevel slik at det framleis kan stå litt småfisk i lonene i øvre delane av elva,men endringa i vassføringa etter nybygginga vil få liten effekt for fisken og livet i Valedalselva.Vidare utgjør Valedalselva ein liten eller ubetydeleg del av vassføringa i Handelandselva.Ellers syner me til kurver i søknaden (kap.3.1) for dokumentasjon av vassføringa frå Valedalsdammen både i dag og etter ein eventuell utbygging vil variera avhengig av behovet i Valen Kraftverk,samt tilsiget.

Når det gjeld å sikra gyteforholda for fisk syner ein til tilpassing av prosjektet der ein vil flytta vegen og røyrgate lengre bort frå elva.Sjå ellers fellesuttale nr. 3.

Reduksjon av INON syner ein til felleskommentar nr.1.

Det er ikkje rett at det kjem 30% meir ferskvatn i Nordre Valevågen.Valedalen Kraftverk gjev isolert sett inga auke i overføring av vatn til eksisterande Valen Kraftverk,men overføringa frå Sitautevatn vil auka tilgjengeleg vassmengde samanlikna med i dag på 74 l/s.Tilførsel av ferskvatn i Nordre Valevågen vil såleis auka med om lag 5 % samanlikna med i dag.Valen Kraftverk er ikkje kjend med at det har vore problem med is i Valevågen,men ser ikkje bort frå at auka tilførsel av ferskvatn dei siste åra,kombinert med kaldare vintrar,kan auka lengda på periodane med is.

Auka minstevassføring , her syner ein til felleskommentar nr.2.

Det vil ikkje vera aktuelt med taubane i staden for veg pga. tungtransport.Sjå elles felleskommentar nr.4.

Med omsyn til fossefall kan me opplysa at vassføringa i elva i dag er lågare enn 23 l/s (planlagt minstevassføring) med stengt luka i Valedalsdammen.Me kan difor ikkje sjå at fossefall er eit argument for at 23 l/s er for liten minstevassføring.

Når det gjeld deponering av massar ved Sitautevatn syner ein til kommentarar til Frode Eik.

Fylkesmannen i Hordaland

Merknader:

Frårår utbygging av Valedalen kraftverk.

Motsegn til overføring av Sitautevatn.

Må vurderer samla verknad for landskap og friluftsliv.

Konflikt med INON.

Kommentarar til utbygginga av veg og røyrgate bygd i 2007.

Kommentarar:

Valedalen kraftverk fekk konsesjon av NVE 9.januar 2007.Under høyringa i 2006 skreiv Fylkesmannen den gongen under si vurdering og konklusjon mellom anna:

»Kraftverket er et umoderne verk og slik det fremstår i dag er det i dårlig forfatning.Dette gjelder både kraftstasjonen med installasjoner og rørgaten ned fra Svartatjørn.Rehabilitering av hele anlegget er derfor nødvendig.....

Tiltaksområdet til Valen kraftverk omfatter i all hovudsak traseen for den nye rørgaten, siden både inntaksdam og kraftverkplassering nesten blir som før.I store deler av tiltaksområdet for den planlagte nye rørgaten er skogen påvirket av skogbruk. Ut frå fylkesmannen sin kjennskap til området og registreringer i Naturbasen kan vi ikkje se at allmenne interesser i nevneverdig grad blir berørt av opprustningsprosjektet.Tiltaket innebærer liten konflikt for det biologiske mangfold,fordi det i hovudsak omhandler opprusting av eksisterende regulering.»

I konklusjonen rådde fylkesmannen NVE til å påleggja ei minstevassføring i Valedalselva lik eller større enn alminneleg lågvassføring nedstraums inntaket,noko NVE ikkje fann grunn til å påleggja.Ein syner elles til KTV-notat 53/2006-Bakgrunn for vedtak i NVE av 09.01.2007.

Tiltaka vil slik Valen kraftverk ser det ikkje utgjera fysisk hindring for utøving av friluftsliv,og vegen fram til Valedalsdammen vil gjera det mogleg å rehabilitera dammen og letta tilgangen til områda lengre inn.Syner elles til felleskommentar nr. 4.

INON, sjå fellesuttale nr.1.

Kommentarar til dimensjonering av veg og røyrgate bygd i 2007 er irrelevant i denne høyringa. Ein kjenner ikkje til kva veg og røyrgate fylkesmannen siktar til, men kan opplysa at vegar som ikkje ligg til NVE å godkjenna er godkjent av kommunen (gjennom Spirdalen) og at fylkesmannen si landbruksavdeling har gjeve tilskot til vegen mellom parkeringsplass ved Bjørkedalsdammen og Elvedammen. Det er Hordaland fylkeskommune, ved gården på Valen, som eig vegane. Valen Kraftverk AS har berre bruksrett, med unntak av vegen mellom Elvedammen og Svartatjørn som dei eig. Røyrgata er bygd etter godkjende planar av NVE.

Når det gjeld konsekvensar for friluftsliv syner ein til kommentarar til FNF i Hordaland.

Hytteutvalet ved Valen sjukehus

Merknader:

Sitautevatn ligg innanfor eit større INON område.

Depo av boreslam og sprengt stein ved Sitautevatn.

Uroa for fisk og gytemoglegheiter i Sitautevatn, og mellom elvedammen og Valedalen.

Om vatnet i Sitautevatn ikkje kan nyttast til kraftproduksjon den vegen det renn i dag.

Hydrologi.

Minstevassføring.

Reguleringgrenser i alle vatna.

Kommentarar:

INON, så felleskommentar nr.1

Depo av boreslam og sprengt stein ved Sitautevatn sjå kommentarar under Frode Eik.

For å betra gytemoglegheitane mellom Elvedammen og alt.2 er veg og røytrase flytta lengre bort frå elva i øvre del. Syner elles til fellesuttale nr,3.

Vatnet frå Sitauevatnet kan sjølvstendig også nyttast til kraftproduksjon den vegen det renn i dag, som t.d. Handeland, men pr. i dag er det ikkje søkt om konsesjon for eit slikt kraftverk, og det er vel heller ikkje sikkert at ein vil få løyve til å byggja ut her. Ved å føra Sitautevatn over mot Valedalsvatn vil ein kunne magasinera opp dette vatnet og såleis få ein betre utnytting av fallet, og mellom anna kunna auka vinterproduksjonen og produsera kraft gjennom to kraftstasjonar, enn om ein let det renna ned i Handeland, der det neppe vil verta noko form for oppdemming.

Når det gjeld hydrologi syner me til vårt svar til Sportfiskaren i Kvinnherad.

Minstevassføring, sjå felleskommentar nr. 2.

Det vil ikkje vera aktuelt å endra reguleringsgrensene i magasina.

Valestiftinga

Merknader:

Går i mot overføring av Sitautevatn.

Kritisk til deponi av sprengstein-og boremassar ved Småstølsvatn.

Bortfall av INON.

Endring av reguleringsgrensene i Svartatjørn, Elvedammenmogn Valedalsvatn.

Auke av ferskvatn i Nordre Valevågen.

Hydrologi.

Påpeikar at 23 l/s er betydeleg mindre enn vanleg lav vassføring.

Kommentarar:

Når det gjeld deponi av sprengstein og boremassar syner ein til kommentar under Frode Eik.

Bortfall av INON, sjå felleskommentar nr.1.

Det er ikkje aktuelt å endra reguleringsgrensene i reguleringsmagasina.

Når det gjeld påstand om auka ferskvatn i Nordre Valevågen syner ein til vår kommentar til Naturvernforbundet i Kvinnherad.

Når det gjeld hydrologi syner me til vårt svar til Sportfiskaren i Kvinnherad.

Utsagnet om at 23 l/s er mindre enn lågvassføringa i dag, er ikkje rett. 23 l/s vil utgjera ein høgare vassføring enn det som går i elva i tørre periodar i dag, sjå figur 18 i søknaden. I ein situasjon etter utbygging og med langvarig tørke og kor samstundes Valedalsvatnet er tomt, slik at kravet på 23 l/s ikkje kan oppfyllest av omsyn til LRV i magasinet, er det kanskje mogleg at vassføringa vert like lav som den er i dag. Syner elles til felleskommentar nr. 2.

Kvinnherad SV

Merknader:

Inngrepsfrie naturområder INON.

Minstevassføring.

Er mot overføring av Sitautevatn.

Kan under tvil godta alternativ 2 i Valedalen.

Ønskjer helst ikkje veg.

Gyteforholda for fisk.

Liten produksjonsauke frå Sitautevatn.

Kommentarar:

INON, sjå felleskommentar nr.1

Minstevassføring ,sjå felleskommentar nr. 2.

Veg,sjå felleskommentar nr.4.

Gyteforholda for fisk,sjå felleskommentar nr.3.

Liten produksjonsauke frå Sitautevatn,sjå kommentarar til FNF i Hordaland.

Morten og Karin Harsvik

Merknader:

Hevdar å ha beiterettar m.m. i det umatrikulerte fjellsameige.

Meiner overdraginga av fallrettane frå Hordaland Fylkeskommune til Valen Kraftverk i 2007 er ugyldige.

Kommentarar:

Hordaland Fylkeskommune sine fallrettar med nødvendige rettार for utbygging er overdrege til Valen Kraftverk AS ,06.11.2007.Det er gjeve konsesjon for slik overføring og delingsløyve etter jordlova,og avtalen er tinglyst 21.11.2007.Avtalen er tidlegare også sendt NVE av Terje Enes og dokumentert at fallrettane som Hordaland Fylkeskommune tidlegare hadde på eigedommane er overført.Hordaland Fylkeskommune sine resterande rettार i området vart ikkje berørt av overføringa av fallrettane.Avtalen om overdraging av Hordaland Fylkeskommune sine fallrettar til Valen Kraftverk AS er såleis ikkje ugyldig.Som Solveig Silset Berg frå NVE skriver i e-post av 3.juni 2013.

«I søknaden oppgis det at Valen kraftverk AS er 100% eid av fylkeskommunen og står som fallrettseier og grunneier i Valedalselva og oppe ved Sitautevatn,men at noen gårdsbruk har beiterett i fjellområdet.Vi kan ikkje se at rettighetene i fjellsameiet vil ha betydning for fallrettighetene som berøres i konsesjonsbehandlingen og mener at saken er tilstrekkelig opplyst for vidare behandling.Derfor sendte vi den også ut på høring med høringsfrist 15.juli.Generelt er eiendomsforhold privatrettslig og noe som i bunn og grunn må ordnes imellom tiltakshavere og grunneiere».

Dette er framleis Valen Kraftverk og Hordaland Fylkeskommune sin oppfatning.Det er ikkje slik at HordalandFylkeskommune har akseptert at «den kun er en av flere sameiere i den aktuelle fjellstrekningen»,men for å få ei løysing på tvisten om avløyning av rettार,er alle rettार som einskilde grunneigarar hevda å ha (bnr.16,17,32 og 33),både innmark og utmark, avløyst.Det vert synt til avtale av 8. juli 2013 der det kjem fram at:»Rettighetshaverne frafaller eventuelle fallrettigheter de måtte ha i den øvre utmark,mens øvrige rettigheter i fjellet består,herunder rett til jakt,fiske og beite».

Dersom Morten og Karin Harsvik framleis hevdar dei har fallrettar i området,må dei reisa sak for Jordskifteretten.

Valen Helselag

Merknader:

Går mot overføring av Sitautevatn.

INON.

Rår til utbygging etter alt. 2.

Kommentarar:

INON, sjå felleskommentar nr.1.

Kvinnherad Venstre

Merknader:

Går mot overføring av Sitautevatn.

Bortfall av INON.

Tek vekk gyteplassen for auren i Sitautevatn. Må vera varsom med framføring av røygate og vegar forbi eksisterande bekkeutløpa.

Massar frå borehol og kanal vil vera svært synleg ved Sitautevatn.

Kommentarar:

Bortfall av INON, sjå felleskommentar nr.1.

Gyteforholda for fisk, sjå felleskommentar nr.3.

Når det gjeld massar frå borehol syner me til vår kommentar til Frode Eik.

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH)

Merknader:

Går i mot utbygginga og meiner søknaden er mangelfull.

Bortfall av INON.

Endring i vassføringa.

Minstevassføring.

Gyteforholda for fisk.

Auka vatn i Nordre Valevågen med isproblem om vinteren.

Kommentarar:

Innhald i søknaden er kvalitetsikra og førehandsgodkjent av NVE før den vart sent ut på høyring. Det kan synast som høyringsparten har inntrykk av at reguleringa av Valedalsvatnet er ny og at Sitautevatn skal regulerast. Valedalsvatnet er eit eksisterande magasin og Sitautevatn skal ikkje regulerast, men overførast utan å endra på vasstanden.

Bortfall av INON, sjå felleskommentar nr.1.

Når det gjeld endring i vassføringa syner me til vår kommentar til Naturvernforbundet i Kvinnherad.

Minstevassføring, sjå felleskommentar nr.2.

Gyteforholda for fisk, sjå felleskommentar nr.3.

Auka vatn med isproblem i Nordre Valevågen, sjå vår kommentar til Naturvernforbundet i Kvinnherad.

Trygve Tveit med fleire

Merknader:

Går ikkje mot utbygging av Sitautevatn, men vil krevja erstatning for fallrettar.

Kommentarar:

Tap av fallrettar vil verta kompensert.

Bergen Turlag

Merknader:

Er i mot overføring av Sitautevatn, men synest ikkje å vera i mot Valedalen Kraftverk.

Bortfall av INON.

Kommentarar:

Når det gjeld bortfall av INON syner ein til vår felleskommentar nr.1

Kvinnherad kommune

Merknader:

Går inn for søknaden som omsøkt, men kommenterar tilhøve til INON.

Kommentarar:

INON, sjå felleskommentar nr.1.

Kvinnherad Turlag

Merknader:

Går i mot overføring av Sitautevatn.

Kan akseptera utbygging frå Valedalsdammen og nedover, men det må stillast strenge krav til minstevassføring.

Bortfall av INON.

Deponering av steinmassar.

Kommentarar:

Når det gjeld minstevassføring syner me til felleskommentar nr.2.

Bortfall av INON, sjå felleskommentar nr.1.

Deponering av steinmassar og boreslam. Sjå våre kommentarar til Frode Eik.

FELLESKOMMENTARAR:

NR. 1 INON

Direktoratet for naturforvaltning har utvikla verktøyet INON, som står for inngrepsfrie naturområde i Norge, og syner kva område som framleis er urørt. Inngrepsfrie naturområde er definert som område som ligg meir enn 1 km i luftline frå tyngre tekniske inngrep og er delt opp i soner basert på avstand til næraste inngrep.

Villmarksprega område: > 5 km frå tyngre tekniske inngrep

Inngrepsfri sone 1: >3-5 km frå tyngre tekniske inngrep

Inngrepsfri sone 2: >1-3 km frå tyngre tekniske inngrep

Utbygging av Valedalselva vil ikkje gi bortfall av inngrepsfrie områder.

Sitautevatn ligg i eit inngrepsfritt område 1-3 km frå eksisterande inngrep, som er ein del av eit større inngrepsfritt område på 52 kvadratkilometer. Det totale arealet med INON-soner blir redusert frå 52,3 til 49,2 kvadratkilometer, som tilsvarar ein reduksjon på 6%. Sidan influensområdet ligg i nærleiken av dei største INON-sonene i fylket, vil ikkje den negative verknaden av bortfall vera så stor her som i resten av fylke. Stor verdi og liten negativ verknad gir liten negativ konsekvens. Ellers syner ein til dei berekning- og vurderingane som er føreteke av firma Råggivende Biologer AS i konsekvensvurderingane om INON på side 23 og 24.

Det er mange høyringspartar som har synt til Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021. Under slutthandsaminga av planen i Fylkestinget i 2009 vedtok fylkestinget å stryka rettningslinene av planen, som gjeld å ivareta biologisk mangfald og INON område. Fylkesmannen i

Hordaland har klagt småkraftplanen inn for vurdering i Miljøverndepartementet, men det er ennå ikke fattet noen vedtak i saken.

En plan som er brakt inn for departementet kan ikke være retningsgivende for de punktene som organet er usamt i før Miljøverndepartementet har fattet vedtak i saken.

NR 2 Minstevassføring

Dette er tiltak for å redusere de negative konsekvensene av utbygginga. Behovet vil variere fra stad til stad, og alt etter hva fagområder en vurderer. For Valedalen kraftverk er behovet for minstevassføring primært knyttet til fisk, ferskvassbiologi og brukerinteressene.

Det er foreslått ei minstevassføring på 23 l/s hele året for alt. 1, som tilsvarer vanlig lågvassføring, og utgjør et årlig produksjonstap på ca. 200.000 kWh. I tillegg kjem tilsig fra restfeltet som utgjør i middel 170 l/s på nedre del av utbyggingsstrekninga. Ved kraftstasjonsplassering alt. 2 utgjør restvassføringa om lag 100 l/s i årsmiddel.

Fleire høyringspartar kommenterer at minstevassføringa må aukast, utan å talfesta dette. Me meiner at forslaget om å sleppe alminneleg lågvassføring for alternativ 1 er nok, særleg sett opp mot at det i dag ikkje er krav om minsteslepp frå dammen. I tørre periodar vil dette gi seg utslag i at det blir ein liten auke i vassføringa på utbyggingsstrekninga, jamfør kapittel 3.1 i søknaden. Merk elles at dette området er av dei mest nedbørrike i landet og har dermed høgt spesifikt tilsig som raskt gir eit visst lokaltilsig i nedbørfeltet mellom inntak og kraftstasjonen.

Det er ikkje foreslått minstevassføring for alt 2, fordi elvestrekninga her er kort og bratt og utan fisk. Nedstraums kraftstasjonen vil vassføringa bli uendra, fordi ein i dette alternativet ikkje nyttar fallet ned til Elvedammen (Stemmeladsdammen).

Det er heller ikkje foreslått minstevassføring frå Sitautevatn, fordi elva nedstraums vatnet er bratt og utan vesentlege interesser, samt at restfeltet har godt tilsig vidare nedover vassdraget.

Det er grunn til å presisere at det i dag ikkje er krav til minstevassføring i reguleringsanlegga til Valen Kraftverk, og at NVE heller ikkje fann det turvande då dei gav nytt løyve 9. januar 2007.

Rådgivande Biologer AS har i sin rapport på side 30, tabell 6, sett opp behov for minstevassføring med Valedalen kraftverk.

NR 3 Gyteforholda for fisk

For Valedalen kraftverk er gyteforholda begrensa og er berre på dei delane der elva flatar ut dvs, mellom kraftstasjonsalternativa 1 og 2, og då spesielt i den øvre delen av elva. Fleire høyringspartar er uroa over at gyteforholda kan bli sterkt redusert her ved vegbygging og røyrtrase. Valen Kraftverk vil difor tilpassa prosjektet her ved å flytta røyrgata og vegtrase lengre bort frå elva for alternativ 1. Prosjektet er endra i samsvar med vedlagt teikning for veg- og røyrtrase.

Fleire høyringspartar kjem også inn på tilhøva for gyting av fisk i utløpsbekken frå Sitautevatn og strekninga like nedstraums, og at desse moglegheitane vil forsvinna ved ei overføring. I følgje Rådgivande Biologer er det generelt dårlege gyteforhold i desse skrinne fjellområda på ca. 850 moh. Derfor er aurebestanden fåtallig og med god storleik. Det er mogleg innløpsbekk i nord kan vera

gytebekk. Det er også potensiale for gyting i utløpsbekken, men ikkje langt nedover pga problem med tilbakevandring oppover igjen. Gyting i innløpsbekkar vil samtidig ikkje ha sikker suksess kvart år pga frost og harde vintrar og ungfisk vandrar difor til innsjøen alt første hausten. Ein stenging av utløpet vil redusere gytemoglegheitane her, men sidan vatnet bare vert overført og ikkje regulert, vil gytebekken i nord mest sansynleg fungera som i dag. Sjå elles kapittel 3.5 i søknaden.

NR 4 Veg

Kommentarar som er gjeve til veg i Valedalen, er eit tema som gjeld like mykje vedlikehald av den klassifiserte Valedalsdammen, som utbyggingsprosjektet Valedalen Kraftverk. Ettersom dammen skal rehabiliterast i nær framtid, uavhengig av Valedalen Kraftverk, vil det vera nødvendig med veg opp til dammen.

NR 5 Tiltak i eit område som alt er påverka av vasskraftutbygging

Fleire høyringspartar hevdar dette er feil når det gjeld Småstølsvatn og Sitautevatn og syner til kommentaren på side 13 i søknaden. Det er i alle fall eit faktum at Småstølsvatnet utgjør ein del av nedbørsfeltet til Valedalselva, som i dag er utnytta til vasskraftproduksjon. Det er også eit faktum at det per i dag ikkje er noko regulering av Småstølsvatnet og Sitautevatn. Ettersom Småstølsvatnet ligg i eit vassdrag som alt er utnytta til vasskraft, vil auka vassføring frå Småstølsvatnet gi auka energiproduksjon i verk som ligg nedanfor.

Valen Kraftverk AS, c/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik, 02.09.2013

Hans Martin Hjelmeland

(dagleg leiar)

e-post : hans@kvinnherad-energi.no

mobil : 916 63 655

Terje Enes

(kontaktperson)

e-post : terje@kvinnherad-energi.no

mobil : 917 30 025